



Kristin Hågøy  
Lægdesvingen 67  
5096 BERGEN

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 20/13764 - 20/47842

Saksbehandlar:  
Laila Bjørge  
laila.bjorge@alver.kommune.no

Dato:  
05.08.2020

## **Førespurnad om eigedomane GBNR 331/4 og GBNR 329/3 i Alver vert rekna som driftseining etter jordlova § 12**

Syner til telefonsamtalar og e-post datert 15.07.2020, der du skriv at du har avtale om å kjøpa GBNR 331/4 på Håtufft. I telefonsamtale tidlegare denne sommaren vart du beden om å senda ein skriftleg førespurnad til kommunen om det var naudsynt med samtykke til deling etter jordlova då seljar eig både GBNR 329/3 og 331/4, og det har du gjort.

Du har fått litt ulike svar frå dei tilsette på landbrukskontoret og det kan difor vera greitt med ei klargjering. På grunn av ferieavvikling ved avdelinga tek det lenger tid enn vanleg å få svar på førespurnader, det seier me oss leie for.

Jordlova § 12 sine reglar om deling gjeldt og for landbrukseigedomar med som har ulike gards- og bruksnummer så lenge dei er på same eigarhand. <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1995-05-12-23> Dersom det er usemje om det er ei driftseining er det fylkesmannen som avgjer slike saker, og det skal føretakast ei konkret og individuell vurdering i kvar sak. Moment som vert vurdert er mellom anna om dei er egna til å driva saman, driftsmessig avstand, om dei har vore driven saman og om det er odelseigedomar.

Fylkesmannen gjorde, etter tilråding frå kommunen, 24.08.2001 eit vedtak om at GBNR 329/3 og 331/4 skulle reknast som to ulike driftseiningar. Det var vektlagt at dette ville bidra til fast busetjing på Håtufft og at 4 km avstand kunne medføra at å driva bruka saman vart lite rasjonelt. Samstundes vart det peika på at det er uheldig å dela denne driftseininga då begge hadde relativt lite jordressursar. Legg ved kopi av sak og vedtak frå 2001

Kommunen har vore i tvil om vedtaket frå 2001 framleis er gjeldande, sidan føresetnadane har endra seg på dei snart 20 åra som er godt. I dag er ikkje 4 km rekna som lang avstand mellom to bruk, og me kjenner heller ikkje til om den nye eigaren har tenkt å busetja seg på bruket eller berre vil nytta det til fritidsføremål. Etter samtale med Maja Sandvik Schartum i landbruksdirektoratet meinte ho at kommunen burde leggja fram saka for fylkesmannen i Vestland for at dei kunne ta stilling til spørsmålet på nytt sidan føresetnadane har endra seg.

Du slår i din e-post fast at du meiner det er to driftseiningar, men kommunen kan ikkje utan ei grundigare vurdering slutta seg til dette. Me ber om at det vert framlagt litt meir opplysningar om

status på dei to bruka i dag, og kva som har skjedd sidan 2001. Det er eigar av bruket som eventuelt kan søkja om delinga av driftseining.

Du må gjerne senda inn søknad om konsesjon, og skøyte eller kjøpekontrakt må leggjast ved denne. Søknadsskjema og informasjon om konsesjon finn du på denne linken.

<https://www.landbruksdirektoratet.no/no/eiendom-og-skog/eiendom/konsesjon/skjema>

Konsesjonssøknad vil ikkje verta handsama før det spørsmålet om dei to bruka skal reknast som ei driftseining er avklart.

Underteikna vil vera sakshandsamar på denne saka og du kan ta kontakt dersom du har spørsmål.

Med helsing  
Alver kommune, Landbruk

Laila Bjørge  
Rådgevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

sak frå 2001 -førseparnad om driftseining

**Mottakarar:**

Kristin Hågøy

Lægdesvingen 5096  
67

BERGEN